



Marit Gro Berge  
Lindås bibliotek  
Kvernhusaugane 2  
5914 Isdalstø

Dato: 13.01.2015  
Vår ref.: 2015/433-1  
Saksbehandlar: rutornh  
Dykkar ref.:

## Tildeling av midlar til Prosjekt praksisfelleskap

Vi viser til møter og avtale om tilskot frå fylkeskommunen på kr 200.000 til *Prosjekt praksisfelleskap*, som er eit samarbeid mellom Lindås og Meland bibliotek.

Prosjektet i Lindås og Meland er støtta av Nasjonalbiblioteket med kr 450.000 i 2014 og har fått tilsegn om same beløp i 2015.

I fylkesbiblioteket sitt *Prosjekt sterk, spenstig og klar* er ein av strategiane å utvikle fem folkebibliotek til modellbibliotek – eit i kvar samarbeidsregion. *Prosjekt praksisfelleskap* er eit tiltak i denne strategien

Tilskotet frå fylkesbiblioteket skal nyttast til innreiing og kjøp av inventar til biblioteka i Meland og Lindås. Det er ein føresetnad at kommunane yter minst kr 100.000 kvar til det same føremålet.

Dokumentsjon på bruken av midlane og på bruk av eigene midlar, må sendast fylkesbiblioteket innan 1.desember 2015.

Informasjon om korleis midlane skal overførast må snarast sendast til [astrid.rydland@hfk.no](mailto:astrid.rydland@hfk.no)

Vi ser fram til vidare samarbeid om prosjektet.

Ruth Ørnholt  
Fylkesbiblioteksjef

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*